



# HANDLINGSPLAN 2024-2027

Handlingsplanen skal svare på kommunikasjonsmåla i kommunikasjonsstrategien

- Høyanger kommune er éin aktør og kommuniserer heilskapleg, ope og profesjonelt.
- Innbyggjarane kjenner og har tillit til Høyanger kommune.
- Tilsette har tilhøyrse til Høyanger kommune som arbeidsplass

## STRATEGISKE HOVUDGREP

- **Innbyggjarorientering og medverknad**
  - Friskus skal takast i bruk i alle delar av kommunen i 2024
  - Brukarundersøking skal gjennomførast årleg, med oppstart 2. halvår 2024
- **Styrke kommunikasjon internt**
  - Kommunedirektør skal regelmessig, og til faste tider, publisere informasjon på Intranett, med oppstart i 2. halvår 2024
  - Styrke samarbeid og samspill mellom administrasjon og politikarar gjennom regelmessige dialogmøte.
  - Forankre arbeidet med kommunikasjon i heile organisasjonen. Kommunikasjon skal integrerast i vedtak- og arbeidsprosessar.
  - Vurdere å tilsette eigen kommunikasjonsrådgjevar som skal sikre at strategien blir etterlevd. Denne vurderinga bør gjerast i samband med budsjettprosessen for 2025
- **Ny visuell profil for Høyanger kommune**
  - Dette skal vurderast i perioden

## INNBYGGJARORIENTERING OG MEDVERKNAD

- Distribuere informasjonsfolder til ikkje-digitale innbyggjarar regelmessig, til faste tider.
- Friskus skal bli brukt i alle deler av kommunen gjennom 2024
- Tilgjengelege skjermar i kommunale bygg skal nyttast som informasjonskanal
- Tilbakemeldingar gjennom årlege brukarundersøkingar
- Det skal vere regelmessige dialogmøte mellom administrasjon og folkevalde
- Kommunestyremøta skal strøymast
- Kontinuerleg arbeid med å forbetre innhald i kanalane våre. Dette arbeidet bør vidareførast av kommunikasjonsrådgjevar, medrekna å revidere rutinar for nettsider, sosiale media, og opprette nye kanalar der dette trengs
- Vurdere oppstart av «klart språk»



## STYRKE INTERNKOMMUNIKASJON / INTRANETT

- Teams skal implementerast fullt ut i 2. halvår 2024
- Innføre Sharepoint som intranett. Alle relevante interne system knytast mot dette, slik at det blir eit naturleg startpunkt for den tilsette. Implementerast i 2. halvår 2024
- Innføre Net Power som nytt kvalitetssystem. Implementerast i 2. halvår 2024
- Informere direkte på intranett om viktig info som gjeld tilsette
  - Leiaransvar særleg tillagt leiargruppa til kommunedirektør og einingsleiar
- Etablere rutine for interninformasjon til faste tidspunkt/dagar på tenestoområde og einingsnivå. Leiaransvar
- Sikre riktig bruk av Web Sak+ til arkivverdige dokumenter og referat. Leiaransvar

## FORANKRE ARBEID MED KOMMUNIKASJON I HEILE ORGANISASJONEN

- Informere om kommunikasjonsstrategien
  - Eit leiaransvar frå kommunedirektør på felles leiarmøte
- Kva dette betyr for den enkelte
  - Eit leiaransvar for den enkelte leiar
- Korleis kommunisere
  - Eit leiaransvar for den enkelte leiar og medarbeidar

## ANSVAR FOR KOMMUNIKASJON

Vurdere å tilsette kommunikasjonsrådgjevar som skal sikre at strategien etterlevast. Vedkommande vil også være naturleg leiar av Web gruppa. Ein viktig faktor for suksessen til kommunikasjonsstrategien er eit definert ansvar for utføring og etterleving av handlingsplan. Det må følge ressursar, både kompetanse og økonomi, med dette arbeidet.

Ansvarsområdet for stillinga skal m.a. vere utarbeiding og vedlikehald av strategiske dokumenter for verksemda innanfor kommunikasjon / informasjon, som t.d.:

- *Intern og ekstern kommunikasjon i ulike kanalar (Web/SoMe/Intranett/Friskus)*
- *Produsere innhald, tekstar i klarspråk, film og foto til nettsider og SoMe*
- *Kommunikasjonsrådgjeving i organisasjonen*
- *Rådgivar i kommunal kriseleiing*
- *Støtte og rådgjeving ved henvending frå media*
- *Vere med på å vidareutvikle kommunikasjonsprofilen til kommunen*
- *Prosjektarbeid i større og mindre omfang*
- *Regionalt samarbeid*

## NY VISUELL PROFIL FOR HØYANGER



## Høyanger kommune

Dagens profilhandbok svarar ikkje på alle utfordringane som oppstår rundt praktisk bruk av profil. Dette er og eit sentralt element for å nå overordna målsettingar i kommuneplanens samfunnsdel. Dette skal inngå i kommunikasjonsrådgjevars oppgåver og vurderast i 2025.